


Gregory Batesons Mind and Nature (1979)

Av og til kan møtet med ein tekst bli skjebnesvanger. Gregory Bateson ga meg eit nytt språk, skriv Tor-Johan Ekeland, som er førstemann ut i vår stafettspalte Klassikeren.



Akademisk liv er eit liv i lesing av fag. Det meste er «meir av same slaget» – til utdjuping og utviding av perspektiv ein alt er innanfor. Av og til kan møtet med ein tekst bli skjebnesvanger – ein blir merkt slik at det er ingen veg tilbake (til slik ein tenkte før). For meg var lesinga av Gregory Batesons *Mind and Nature* (1979) ei slik oppleving. Først gir boka motstand, irriterer fordi ein skjønner at her er noko viktig, men ikkje kvifor. Så blir ein svimmel når «gamle» modellar i eige intellekt krakkeler og går i oppløysing. Deretter dett bitar av kunnskap på plass i ein ny orden, og ein opplever den kognitive gleda det er å sjå noko ein tidlegare ikkje hadde sett. For å nytte ein Bateson-inspirert metafor: det er

skilnad på å lære gloser og å lære eit språk. Bateson ga meg eit nytt språk: alt (liv) er kommunikasjon, og slik vi har delt opp verda for å skjøne den (psykologi, biologi etc.) er ei oppdeling i språket og ikkje nødvendigvis ei oppdeling i verda.

Tor-Johan Ekeland utfordrer Kim Larsen til å ta stafettpinnen vidare.